

Roald Renmælmo

HANDHØVLING AV GOLVBORD

- på jakt etter skottbenken

Du har kanskje gått på eit gammalt golv, eit med 6 meter lange bord som er 12” breie, 2” tjukke og smalnar av frå rot til topp? Har du tenkt på korleis dei har klart å få borda til å felle så fint i hop med enkelt handverktøy? Kanskje du har prøvd å høvle slike bord? Mi første erfaring med dette arbeidet gav meg respekt for det flotte arbeidet som var gjort på det gamle golvet eg skulle restaurere. Det var eit svært krevjande arbeid, til eg oppdaga korleis arbeidsprosessen, skottbenken og skottoksen hang saman. Denne oppdaginga gjorde eg ikkje gjennom litteratur eller gjennom tidlegare praksis i kulturminnevernet. Her var det for det meste upløgde mark, sjølv om skottbenken så vidt er omtalt i etnografisk litteratur og nokre årbøker.

Eg har hatt ei særleg interesse for eldre arbeidsprosessar og verktøy knytt til trearbeid. Gjerne handsage, ry eller handhøvle der eg kan få høve til det. Det gir meg ei eiga glede å lære nye ting og øve på det. Når eg så undersøker spor etter arbeid på gamle materialar har eg egne erfaringar å stø meg på for tolkingane av spora. På tilsvarande måte kan eg gjennom tolkingane av spora på gamle materialar rekonstruere eldre arbeidsmåtar.



Golv frå 1890-talet i hus på garden Berglund i Målselv. Slitasjen i målinga seier oss at det har vore meir trafikk i akkurat dette området. Foto: Roald Renmælmo.

Golvborda fortel

Eg hadde ikkje drive med restaurering lenge før eg kom bort i arbeid med tregolv. I Målselv der eg held til er det ein del gamle golv som er handhøvla av saga bord som har behalde si naturlege form der dei smalnar på breidd mellom rot og topp. Borda er pløgde med not og fjør slik at golva er tette.

Bruken

Slike golv kan fortelje korleis huset har vore brukt. Golvet i ei finstove kan vere nesten utan slitasje medan kjøkkengolvet har djupe groper der folk har hatt sine mest brukte vegar mellom ulike gjeremål. Det er kanskje berre ute ved veggjen, og der store kvistar har stått mot slitasjen, eg kan få eit inntrykk av kor tjukke golvborda har vore? Desse spora og det dei fortel er viktige kvalitetar ved desse gamle husa. Dei fortel om livet i huset. Fjernar vi golvborda og erstattar med noko nytt så fjernar vi også historia dei gamle golvborda fortel.

Skogen

Som snikkar ser eg også andre "historier" som desse golvborda kan fortelje. Kvistane som står opp frå veden omkring fortel om korleis furua såg ut før ho vart hogd, saga og høvla til golvbord. Er det store kvistar? Er det mange kvistar? Er det gankvist? Er det langt mellom årringane? Er det jamne årringar? Er det mykje alved? Det kan seie noko om kva oppvekstmiljø furua har hatt. Ein dyktig dendroøkolog kan kanskje finne ut kor furua har vakse? Alt dette er eigenskapane furua har hatt då ho stod på rot. Også dimensjonar på borda kan fortelje noko om eigenskapane til furua. Er golvborda 10 meter lange og har breidd på 12 tommar i toppen så har rotstokken på furua hatt desse måla i seg. Då har rotstokken vore ganske rett opp til 10 meter. Furua har hatt diameter på minst 12 tommar under bark på 10 meters høgd frå rota. Når eg undersøker golvbord i Målselv så har eg mine referansar frå skogen i Målselv. Når eg ser på eit golvbord kan eg tenkje meg til korleis furua kan ha sett ut medan ho stod på rot.

Produksjonen

Før furua vart til golv har ho vore gjennom ein del prosessar. Nokre av desse er slike eg berre kan tenkje meg til ut frå kva eg veit har vore vanleg i ulike tider. I dag blir mesteparten av tømmeret til materialproduksjon hogd og kjørt ut med store skogsmaskiner. For 100 år sida var det vanleg at tømmeret vart felt, kvista og kappa med øks for så å bli kjørt ut av

Oppgangssaga bord. Foto: Roald Renmælmo.




skogen med hest. Dette kan eg sjeldan lese ut av tydelege spor i ferdig høvla golvbord. Andre prosessar, slik som oppdelinga til bord, kan eg finne spor etter på undersida av golvbordet. Det kan vere dei rytmiske spora etter sagbladet på eit oppgangssag, litt meir urytmiske spora etter handsag, runde spor etter sirkelsag eller spor etter øksa. Slike spor finn eg berre der golvborda ikkje er dimensjonerte på tjukna, slik som er vanleg på golvbord der det er stubbgolv eller isolert mellom åsar som ligg på bakken. Golvbord som er synlege på undersida er typisk slike som blir himling i 1. etasje og golv i 2. etasje. Slike kallar ein gjerne loftbord.¹ Loftborda er gjerne høvla slett på begge flatsidene og justert til lik tjukne.

Golvet på Brandskognes

Golv som ligg i 1. etasje på åsar som ligg rett på bakken med jord som isolasjon mellom er utsett for råte. Slik var det i gamalstua frå rundt år 1800 på garden Brandskognes i Målselv. Eg vart beden om å restaurere stua som hadde råteskadar i syll og golvåsar i år 2000. Det meste av golvbord hadde klart seg godt, men nokre parti av borda var råteskadde. Eg fekk skore nye bord, 2 toms ukanta med toppmål på kring 9 tommar. Golvbord i lange lengder er ei utfordring å få til å passe til dei gamle borda. Det å høvle eit parti med nye golvbord der borda smalnar frå rot til topp, er pløgd med not og

Golvbord med fjør i 1. etasje i gamalstua på Brandskognes i Målselv. Biletet viser kanten av bordet med rettsida opp, spor etter kanten på ein semshovel, fjøra med fasar på hjørna og undersida nedst på biletet. Foto: Roald Renmælmo.





Skisse som viser snitt av golvborda på Brandskognes. Fasen på fjøra og spora etter kanten på semshøvelen er markert med piler. Figur: Roald Renmælmo.

fjør, var ikkje sjølvstekt for meg å gjere på den tida. Dei gamle golvborda på Brandskognes hadde ein del spor som eg kunne sjå og forstå. Dei var høvla plane og slette på rettsida som låg opp. På undersida var dei ikkje høvla og varierte i tjukke frå 1 1/2 tomme til 2 tommar. Borda var høvla rette på sidene og var pløgde med not og fjør. Det var fjør på begge sider av halvparten av borda og not på begge sider av den andre halvparten.

Eg såg for meg korleis eg kunne rette, planhøvle og pusshøvle rettsida av borda. Ein høveleg benk og eit lite utval av høvlar var det som skulle til for det arbeidet. Eg fekk tak i nokre ploghøvlar som passa til not og fjør på dei gamle golvborda. Då var utfordringa å få høvla borda rette på kantane før pløying. Borda med not gjekk greitt å høvle når dei ikkje var for lange. Ein god langhøvel og eit godt rettbord gjorde arbeidet mogleg. Verre var det med borda med fjør. Å rette borda før pløying gjekk greitt, men ploghøvelen var vanskeleg å halde rett slik at den synlege kanten av bordet vart heilt bein. Det var også ei utfordring å spenne borda fast for høvling. Eg såg snart at arbeidsmåten ikkje var effektiv. Eg kunne ikkje lese ut av spora på dei gamle golvborda korleis borda var spent fast under høvling, eller korleis ein eventuell arbeidsbenk har sett ut. Derimot kunne eg sjå at borda var høvla nøyaktig beine i lange lengder. Dette tolka eg som eit uttrykk for at handverkarane på Brandskognes truleg



Skottbenk frå Kverndal i Målselv. Benken har hatt kilar for oppspenning av borda. Skottbenken er 29 norske tommar høg (1 norsk tomme er 26,15 mm). Foto: Siv K. Holmin.

brukte ein annan arbeidsmåte enn den eg prøvde. Eg opplevde det som ei utfordring å få borda rette nok. Når eg så såg kor mange golvbord som var høvla i eit hus som gamalstua på Brandskognes så tenkte eg meg at dei måtte hatt ein rasjonell måte å høvle desse på. Derfor begynte eg snart å gjere undersøkingar kring korleis slikt arbeid var gjort tidlegare.

Skottbenk

Konrad Stenvold (1908–2012) i Dividalen i Målselv var særskild kunnskapsrik om husbygging i ei tid då ein produserte alle materialar på garden. Han fortalte at han hadde vore med og høvla både golvbord og panelbord til huset han sjølv budde i. For å få retta kantane av borda brukte han noko han kalla for skottbenk som borda vart spent fast i og ein skottokse, ein okshøvel med meiar som går nedpå langborda i skottbenken. Skottbenken var ikkje bevart, men høvlane som Konrad hadde brukt var tatt vare på. Konrad forklarte meg korleis skottbenken deira hadde sett ut og korleis han var brukt. Eg let intervjunotata mine frå 2001 forklare dette:

”Skottbenken var bygd opp av to bukkar som langfjølene er festa på. Langfjølene er to bord på om lag 1 1/2”x 8” som var heilt beine, tørre og mest mogleg stabile. Langfjølene skal ha lengde som samsvarer med lengda på dei borda ein skal skyte bein. Det er ein treskruve som spenner i hop langfjølene ved kvar bukk. Ein fester bordet ein skal skyte i mellom langfjølene så det lågaste av bordet stikk så langt over langfjølene som høvelen når. Når ein skyt bordet så brukar ein okshovel med påsette lister som sørgjer for fast avstand til langfjølene.”²

Konrad forklarte korleis skottbenken såg ut og fungerte i bruk. Likevel ville eg gjerne finne ein gamal original som eg kunne sjå etter for å lage kopi av denne. Eg fann snart fram til nokre gamle skottbenkar i Troms, ein i Lavangen og ein i Bardu. Seinare har eg og andre funne fleire skottbenkar rundt om i heile landet. Det er nokre ulike prinsipp for korleis mekanismen for fastspenning av langborda (langfjølene) fungerer, men verkemåten under bruk er den same for alle. Det er dei rette langborda og fastspenning av bordet som skal høvlast som er det sentrale for ein skottbenk.

Skottbenken gjer det mogleg å lage rette kantar på bord utan at borda er like breie i begge endar. I snikringa er det elles vanleg å høvle ei flate rett, så høvle kant rett og i vinkel på flata. Ut frå dette merkar snikaren tjukne og bredde med ripmåt og høvlar seg fram til denne. Då vert emnet parallelt på både tjukne og bredde. Å høvle fram rett flate og kant som er rett og i vinkel til denne er eit arbeid som krev gode høvlar, augemål og gode arbeidsrutinar for at arbeidet skal gå unna. Når dette er gjort er arbeidet med å høvle ned til streken mindre krevjande.

Til kledning, tak og golv ville ein helst bruke borda så breie som mogleg. Då blir det mindre material som går til spille i høvlinga, det går mindre spikar og det går færre bord. Ein får mest mogleg golv ut av det tømmeret



Merking med sotsnor. Snora er eit treslått hampesnøre som blir gnidd inn med sot.
Foto: Roald Renmælmo.

ein har tilgjengeleg. Det er breidda på bordet frå saga som set grenser for kor breitt det kan bli. Når borda er saga med ei oppgangssag av den gamle typen så var det gjerne gjennomskur på stokken så borda fekk vankant på begge sider. Då er det igjen storleiken på sagstokken som set grenser for kor breie borda blir. Bordet er breiare i rotenden enn i toppenden. For å bevare mest mogleg av breidda så kan ein høvle dei to kantane rette og i vinkel til flata, men ikkje parallelle. Det ferdige bordet blir smalare i toppenden enn i rotenden. På denne måten får ein nytta tømmeret best mogleg, samtidig som ein sparte arbeid med å høvle bort unødig mykje.

Merking

Konrad Stenvold i Målselv har forklart framgangsmåten slik han høvla golvbord frå ukanta bord. Han starta med ukanta bord og merka opp rette sider på bordet. Det gjorde han anten med ei sotsnor eller med



Kanting med øks. Foto: Roald Renmælmo.

å streke langs eit rettbord. Målet er som regel å få størst mogleg breidde i begge endar.

Kanting

Dei fleste borda vart grovkanta anten ved at ein hogg etter streken med ei øks, gjerne ei snikkarbile, eller at ein saga med ei langvedsaga. Langvedsaga kunne vere ei grindsaga med breitt blad og grove tenner som er filt for å sage på langs med veden. Det kunne også vere ei brei snikkarsaga med langvedtanning. Når det var stor

kvist i kanten av borda var det tryggare med sag. Bord som har ganske rett kant tok han rett i skottbenken og høvla kanten utan grovkanting.

Kantinga med øks er det godt å gjere på ein låg benk der du kan halde fast bordet med eine kneet. Det same er tilfelle for kanting med snikkarsaga, stikksaga. Høgda på benken kan gjerne vere kring 18-20 tommer høg. Blir han for låg blir det vanskeleg å få lange nok drag med saga og blir han for høg blir det vanskeleg å halde fast bordet med kneet.

Flaskhøvling

Før han kanta borda på skottbenken høvla han flasken på bordet. Det vil seie å høvle flata på rettsida, som regel mergsida, flat og rett. Borda var godt tørka før høvling for å lette arbeidet med høvlinga og unngå at dei krympar for mykje etter dei er på plass i golvet. Som ei følgje av denne tørkinga vil bordet gjerne krumme seg litt slik at det vert ein kul på midten på mergsida. Kulen høvla han bort med ein grovstilt okshøvel,



Til venstre: Høvling av flask med langhøvel på ein høvelbenk, kopi av gamal type frå Røros. Foto: Roald Renmælmo.

Til høyre: Eg skyt med skottokse på skottbenken. Foto: Roald Renmælmo.

gjerne kalla skrubbokse eller gropokse.³ Den grove okshøvelen hadde 2 1/4 tomme brei tann med ganske rund sliping for å ta tjukke spon. Den grove overflata på oppgangssaga bord er vanskeleg å høvle med ein høvel som ikkje kan ta tjukke høvelspon. Då får ein berre høvla korte fliser som pakkar seg i sponrommet. Med skrubboksen høvla han bordet så flatt og rett som mogleg. Var bordet vindt (vridt) vurderte han å rette dette med høvlinga. Tjukke golvbord må vere rette for å få lagt dei i golvet og spikra sidan spikaren ikkje klarar å halde på plass bord med mykje spenn.

Tynnare og lengre kan ein vri på plass under montering og det er ikkje nødvendig å høvle bort all vinding. Når flasken er høvla plan er det tid for slettoksen som også er ein okshøvel men med høveltanna slipt flatare, men ikkje heilt rett. Slettoksen til Konrad hadde høveltann som var 3 tommer brei. Sidan slettoksen skal ta tynnare spon så kan han



Eg høvlar flask med okshøvel på ein låg benk, langbenk. Foto: Roald Renmælmo.

høvle noko større breidd enn skrubboksen utan at det blir for tungt å arbeide. Det er to ulike arbeidshøgder som er aktuelle for høvling med okshøvel. Den eine er ein låg benk (18–20 tommar høg) der høvlarane sit på bordet for å halde det fast.

Det er også vanleg å høvle bord på ein høgre benk, 28–30 norske tommar (ca. 73–79 cm) høg. På denne benken legg ein bordet på benken og brukar gjerne ein benkehake som enden av bordet støyter mot. Her står snikkaren på sida av benken og høvlar. Okshøvlane kan brukast både sittande på ein låg benk og på ein høgre benk. Langhøvelen er tilpassa bruken på den høge benken. Slike lange benkar for å høvle flask på golvbord vart truleg laga på byggeplassen av høvelege materialar og så demontert og fjerna når arbeidet var ferdig. Eg kjenner ikkje til bevar-te slike benkar som heilt sikkert har vore brukt til høvling av golvbord.

Okshøvlane er begge omkring 12–14 tommar lange. For å rette golvborda best mogleg var det vanleg å høvle over flasken med ein langhøvel som kunne vere 20–24 tommar lang. Langhøvelen har tann som er 2 1/4 tomme brei og slipt ganske flat i kurven, bare ein liten runding på hjørna for å ikkje stripe. Når borda er flate tar denne høvelen ei spon som er kring 2 tommar brei. Langhøvelen må vere stilt veldig fint for at

det ikkje skal bli for tungt å høvle. Til vanleg var langhøvelen den siste høvelen som var brukt på flasken på golvborda.

Det var til vanleg 3 høvlar som var brukt i rekkjefølgje til flaskhøvlinga, skrubboksen, slettoksen og langhøvelen. Når borda var saga på oppgangssag eller måtte rettast mykje for å bli flate var skrubboksen veldig viktig. I seinare tid når golvborda kunne vere saga på sirkelsag og det ikkje var mykje retting så kunne ein gå rett på med ein okshøvel (slettokse) og så gjerne langhøvel. Målet med flaskhøvlinga er å få rettsida av bordet så rett og flatt som mogleg. Det er viktig, ikkje berre for at golvet skal vere fint, men også for å gjere det vidare arbeidet lettast mogleg.

Skyte kantane

Skottbenken fungerer saman med ein høvel som er særleg tilpassa retting av bord. Høvelen har meier under på begge sider av tanna. Desse meiane stoppar mot den rette overkanten på langborda i skottbenken når ein har høvla djupt nok. Det vanlege er at denne høvelen har tverrhandtak for å brukast av to mann som ein okshøvel. Konrad brukar namnet skottokse om denne høvelen som er spesielt laga for retting av bord. Også namnet skotthøvel eller skothøvel er brukt om slike høvlar.⁴ Namnet på høvelen og benken har fyste delen av ordet skott som bøyingssform av verbet -å skyte og har samband med at ein kantar bordet ved å høvle bort det overskytande så det blir rett.

Skottbenken har eit langbord som er fast og eit som er flyttbart og som ein spenner mot bordet ved hjelp av kile eller skrue. Den retta sida av bordet ligg mot det faste langbordet. Langborda er høvla flate og rette på dei sidene som klemmer om golvborda. Overkanten av langborda er høvla heilt rette og i vinkel på sida som klemmer golvborda. Særleg det faste langbordet som rettsida av golvbordet ligg mot må vere rett og i vinkel.

Bordet vert spent opp i skottbenken med passe høgd over langborda etter kor djupe meier det er på skottoksen. Også her er ein ute etter å



Til venstre: Eg pløyer fjør i skottbenken. Til høyre: Golvplogar og skottokse. Frå venstre, fjørhøvel, nothøvel og skottokse. Golvplogane er laga som kopiar av høvlane til Konrad Stenvold. Skottoksen er inspirert av ein skottokse på garden Haugset i Målselv. Foto: Roald Renmælmo.

oppnå størst mogleg breidd på det ferdige bordet så ein spenner det opp slik at ein akkurat når nedpå med skottoksen heile vegen. Så høvlar ein heile lengda på bordet til høvelen stoppar mot langborda og ikkje tek meir. Om ein høvlar bord som skal pløyast til golvbord eller panel er det særst viktig at borda får heilt rett kant i heile lengda. Det er rettsida av bordet som må ha skarp kant, baksida kan ha ein vankant så lenge det blir ved nok til pløyinga.

Pløye golvbord

Konrad har høvlar som er laga i par, ein nothøvel og ein fjørhøvel. I par snakkar ein gjerne om golvplogar. Desse høvlane har også meiar for å stoppe mot kanten av langborda i skottbenken og dei har også handtak for to mann som ein okshøvel. Høvlane brukast etter at kanten av borda er retta med skottoksen. Nothøvelen høvlar berre sjølv nota med eit



Loftbord på golvet i 2. etasje i gamalstua på Berglund i Målselv. Huset og golva er frå 1890-talet og handhøvla. Legg merke til at borda ligg med mergsida ned slik det er vanleg når borda er høvla på begge sider. Foto: Roald Renmælmo.

stål som passar til denne. Fjørhøvelen høvlar ein fals på kvar side av det som blir fjøra. Pløyinga gjer ein med det same ein har retta bordet med skottoksen.

Golvbord som smalnar mellom rot og topp er vanleg å høvle med not på begge sider av halvparten av borda og fjør på begge sider av den andre halvparten. Dette er for å gjere legginga enklare, ein kan lettare følgje med at ein får retninga undervegs og kjem ut rett på motsett veggflate, sidan ein då kan endesnu borda og not og fjør vil likevel passe.

Golvplogane har land^s som skal ligge an mot rettsida av bordet for å sikre at pløyinga kjem på rett avstand frå kanten og følgjer flata på bordet. Det er også ein av grunnane til at det er viktig å høvle rettsida plan heilt ut mot kanten. Om det er ein liten skrå eller fas på kanten blir det problem med pløyinga. Når eine kanten er pløgd må ein endesnu bordet for å høvle med landet mot rettsida på andre kanten. Golvplogane

til Konrad har rom for å høvle bord mellom knapt 5/4 tomme (33 mm) tjukke og 1 3/4 tomme (46 mm). Dette er nok for å ta høgde for vanleg avvik i tjukner på bord som er saga på oppgangssag.

Golvbord er høvla for å liggje på åsar. Bord som ikkje skal vere synlege på undersida treng ein ikkje å dimensjonere. Dei kan ha den saga overflata bevart under. For å få borda til å liggje i rett høgde på åsane kan ein hogge dei til dimensjon etter ein strek som ein lagar med ripmåt. Det finnast ein del gamle golvbord som har ein høvla fals på undersida som har vore nytta som merking for hogging for åsar. Slike golvbord har eg fått høve til å undersøkje på Brandskognes og på Nerstua på Tussøy i Tromsø kommune. Begge stadene verka det å vere brukt ein fletthøvel med breidde på ca. 3/4 tomme til høvlinga. Fletthøvelen er ein ca 60 cm lang falshøvel som brukast til å høvle ein rett fals på kanten av bordet.

Loftbord

Golv som skal ligge i etasjeskiljar eller mot loft er det vanleg å høvle begge sider om borda skal vere synleg himling i rommet under. Slike bord er gjerne høvla flate på rettsida, skote på kantane og pløgd frå denne og så høvla flate på baksida. Borda er gjerne lagt med rettsida ned på golvåsen. Dette for at borda då kan ha variasjon i tjukne utan at det fører til problem med at pløyinga passer. Ved å sortere bord som er omlag like tjukke og legge dei i eitt parti på golvet kan tjukna variere på kring 1/4 tomme utan at det vert synleg over eller under. Snikkaren kan spare mykje høvling på denne måten.

Skottbenken, skottoksen og arbeidsprosessen er alle nødvendig for å kunne produsere gode golvbord som er i tråd med slik golvborda i gamle hus skal vere. Når alt fungerer er arbeidet lett og kan gjerast effektivt. Då er arbeidet noko av det trivelegaste ein kan gjere som restaureringshandverkar. Eit golv som er høvla på denne måten kan både bli betre enn tilsvarande maskinhøvla golv, og har i tillegg ei historie å fortelje, ei historie om skottbenk, skottokse og snikkarhandverk.

Forfattaren

Roald Renmelmo er doktorstipendiat i bygningsvern ved Høgskolen i Sør-Trøndelag og følgjer forskarutdanninga ved institusjonen for kulturvård ved Gøteborgs universitet. Han har tileigna seg kunnskap om snikkarhandverk ved å arbeide saman med eldre erfarne handverkarar og gjennom eige praksis. Han har arbeidd aktivt for å ta i bruk skottbenk og tradisjonelt snikkararbeid i kulturminnevernet. Også gjennom bloggen til Norsk Skottbenk Union: <http://skottbenk.wordpress.com>

Noter

- ¹ ”Den tid ein sjølv høvla og pløyde golv og loftbord bruka dei skottbenk og skotthøvel til å høvle rett kant og pløye i.” Svar på spørjeliste for Ord og Sed nr. 2 om snikkarhandverket. Norsk Folkeminnesamling på Blindern i Oslo. Svar frå Jens Solvang, Hillesøy i Troms, 1934.
- ² Intervju som forfattaren gjorde 31.10.2001 av Konrad Stenvold i Frihetsli. Det vart ført notat under intervjuet og desse seinare reinskriver til ordlyden i dette sitatet. Reinskrivinga er gjort i etterkant av vi høvla nokre golvbord i ein kopiert skottbenk saman med Konrad i 2002.
- ³ <http://www.edd.uio.no>
”Til innreidingsarbeidet i hus og til innbuarbeid måtte han ha / nokre høvlar: Gropokse (skrubbhøvel), slettokse, langhøvel (rubank), skottokse med meiar, golvplogar, fløttplog og småplogar, borvinne og borar, ømse listhøvlar, rundhøvel, fleire mindre hoggjarn og holjarn, grindsager for tverved og langved, ei smal svingsag og helst eit par rasper og filer for tre.” Kjelde: Årbok for Nord-Trøndelag historielag [ÅrbNTil] ,1952, s. 62–63
- ⁴ I setelarkivet til Norsk Ordbok (<http://www.edd.uio.no>) er det døme på ordet skotthøvel frå Leksvik. Elles er ordet skottokse registrert i Nord-Trøndelag.
- ⁵ Land er eit sidevegs anlegg på ein høvel som høvlar not, fjør, fals eller profil. Landet kan vere fast eller justerbart ved hjelp av skruvar eller kilar. Namnet har eg etter Arne Pedersen, ein snikkar i Aursfjord i Malangen i Troms.